Vestlandsrådet

Saksframlegg

Saksnr: 2026/4095-23
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	**08/26**	**04.11.26**

Vestlandet på den nasjonale dagsorden

1. Vestlandsrådet går inn for at det våren 2027 vert lagt opp til eit møte/samling i Oslo med m.a. relevante representantar frå regjeringa og vestlandsbenkane på Stortinget.
2. Vestlandsrådet gir AU fullmakt til utarbeide eit program for møtet/samlinga med aktuelle temaer og saker.
3. AU får fullmakt til å avsette nødvendige midlar innanfor rådet sitt budsjett til gjennomføring av arrangementet.

Robert Rastad
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Eitt av dei viktigaste formåla med Vestlandsrådet er å påvirke nasjonale og statlege rammevilkår for utvikling av landsdelen.

Så langt har dette føregått ved at Vestlandsrådet har vedteke uttalar som vert oversendt relevante nasjonale beslutningstakarar. I kva grad slike uttalar får merksemd for vidare politisk oppfølging og arbeid på statleg nivå er svært usikkert.

Fylkesdirektøren vil hevde at i mange samanhengar vil direkte dialog og kommunikasjon med sentrale aktør kunne vere meir formålstjenleg for å påvirke videre oppfølging og arbeid med viktige felles nasjonale rammebetingelsar for Vestlandet. Både substansielt i det å formidle behov og utfordringar, men også ved at fylkeskommunane i fellesskap, på denne måten står fram som ein tydlegare og sterkare samfunnsutviklingsaktør for landsdelen.

Det vert derfor i denne saka vurdert om Vestlandsrådet bør ha ei årleg samling i Oslo, for lettare å komme i posisjon til direkte kontakt og dialog med aktuelle aktørar i regjeringsapparatet og på Stortinget.

Oslo som møteplass - knefall for sentralmakta?

Vestlandsrådet har i fleire ulike samanhengar forsøkt å invitere representantar frå regjering og Storting til å delta på rådsmøter eller konferansar lokalisert på Vestlandet. Sjølv når politisk leiing og andre sentrale folkevalde frå tre fylkeskommunar står bak ein invitasjon, har dette har vist seg å vere krevande å få til.

Det er eit tankekors at Vestlandsrådet må vurdere å avvikle faste møter/samlingar i Oslo for å oppfylle hensikten med det interfylkeskommunale samarbeidet. Dette kan oppfattast som eit knefall for sentralmakta i Oslo, der sentrale beslutningstakarar i mindre grad vert utfordra på å møte regionale styresmakter og interessentar der behov og utfordringar vert opplevd og erfart i praksis.

Vestlandsrådet sin mobiliseringskonferanse for E39 Vestlandsvegen, 15.april i Bergen, er eit døme på ein arena der Vestlandsrådet mobiliserer regional aktørar og interessentar rundt ei viktig og prioritert sak, der inviterte sentrale beslutningstakarar glimra med sitt fråvær. Det kan sikkert vere fleire samansette grunnar til dette, men fylkesdirektøren ser dette og som eit strukturelt utslag av det sentraliserte maktapparatet i Oslo. Fylkesdirektøren inntek likevel ei pragmatisk haldning til dette, slik at når dei ikkje kan komme til oss så får vi komme til dei.

Utvikling av Vestlandet som den største eksportregionen og med eit betydeleg ressursgrunnlag, vil vere eit viktig argument også for å ivareta nasjonale økonomiske interesser. Viktige premissleverandørar til den nasjonale dagsorden er nasjonale medier og meiningsdannande aktørar lokalisert i Oslo. Ved at møter/samlingar i Vestlandsrådet er lokalisert i Oslo, vil det kanskje i større grad vere muleg å tiltrekke seg interesse og merksemd blant desse aktørane rundt muligheter og utfordringar for den viktigaste landsdelen for utvikling av hovedstaden og Austlandet.

Konklusjon

For å vitalisere rolla til Vestlandsrådet som påverknadsorgan, vil fylkesdirektøren foreslå at det på vårparten 2027 vert arrangert eit møte/samling i Vestlandsrådet i Oslo. Dette vil vere tilstrekkeleg tid til å avtale deltaking av aktuelle representantar frå regjeringsapparatet og ikkje minst frå vestlandsbenkane på Stortinget.

Fylkesdirektøren vil understreke hovedregelen med at møta i Vestlandsrådet framleis bør vere lokalisert på Vestlandet, men at det no kan prøvast ut eit møte/samling på vårparten neste år i Oslo, som i fortsettelsen kan vurderast som ei fast årviss ordning.

Fylkesdirektøren vil og føreslå at AU får fullmakt til arbeide videre med temaer og saker som bør løftast inn i eit konkret møteopplegg.

I samsvar med samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet dekker den enkelte fylkeskommune reise- og opphaldsutgifter for medlemene i samband med møter i Vestlandsrådet. Kostnader med møtelokale og bevertning vert dekka over Vestlandsrådet sitt budsjett, og kostnaden vil bli omlag den same som med møter lokalisert på Vestlandet. Dersom det likevel skulle vise seg behov for midlar ut over dette, vil fylkesdirektøren foreslå at AU får fullmakt til å avsette nødvendige midlar innanfor Vestlandsrådet sitt budsjett.